

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 217/2006

2009/EØS/69/23

av 8. februar 2006

om fastsetjing av reglar for gjennomføringa av rådsdirektiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 2002/54/EF, 2002/55/EF og 2002/57/EF med omsyn til å gje medlemsstatane løyve til mellombels å tillate marknadsføring av frø frå visse artar som ikkje stettar krava med omsyn til minste spireevne(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 66/401/EØF av 14. juni 1966 om marknadsføring av frø frå förvekster⁽¹⁾, særleg artikkel 17 nr. 3,

med tilvising til rådsdirektiv 66/402/EØF av 14. juni 1966 om marknadsføring av såkorn⁽²⁾, særleg artikkel 17 nr. 3,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/54/EF av 13. juni 2002 om marknadsføring av betefrø⁽³⁾, særleg artikkel 24 nr. 3,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/55/EF av 13. juni 2002 om marknadsføring av grønnsakfrø⁽⁴⁾, særleg artikkel 38 nr. 3,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/57/EF av 13. juni 2002 om marknadsføring av frø frå olje- og fibervekster⁽⁵⁾, særleg artikkel 21 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av direktiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 2002/54/EØF, 2002/55/EØF og 2002/57/EØF kan frø marknadsførast berre dersom krava med omsyn til minste spireevne er stetta, eller dersom mengda tilgjengelege frø som stettar krava med omsyn til spireevne ikkje er tilstrekkeleg, kan Kommisjonen i eit avgrensa tidsrom tillate marknadsføring av dei fastsette største mengdene av frø som ikkje stettar dei krava til minste spireevne som er fastsette i desse direktiva.
- 2) Tildelinga av løyve går for tida altfor seint.
- 3) Ei samrådsordning mellom Kommisjonen og medlemsstaten verkar å vere det rette middelet for å

gjere framgangsmåten for tildeling lettare og snøggare, samstundes som det vert sikra at Kommisjonen og medlemsstatane får alle dei opplysningane som er naudsynte for å vurdere og svare på søknaden.

- 4) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

1. I denne forordninga er det fastsett reglar som skal nyttast på søknadene til medlemsstatane om løyve til mellombels å tillate marknadsføring av frø som ikkje stettar dei krava med omsyn til minste spireevne som er fastsette i medhald av:

- a) artikkel 17 nr. 1 i direktiv 66/401/EØF,
- b) artikkel 17 nr. 1 i direktiv 66/402/EØF,
- c) artikkel 24 nr. 1 i direktiv 2002/54/EF,
- d) artikkel 38 nr. 1 i direktiv 2002/55/EF og
- e) artikkel 21 nr. 1 i direktiv 2002/57/EF.

2. Denne forordninga skal ikkje nyttast på marknadsføring av «basisfrø» slik det er definert i dei direktiva som er nemnde i nr. 1.

Artikkel 2

1. Ein medlemsstat som har forsyningsvanskar og ønskjer mellombels å tillate marknadsføring av frø som ikkje stettar krava med omsyn til minste spireevne (heretter kalla «søkjarmedlemsstaten»), skal leggje fram for Kommisjonen ein søknad med dei opplysningane som er nemnde i artikkel 3. Søkjarmedlemsstaten skal samstundes melde frå til dei andre medlemsstatane. Kvar medlemsstat skal peike ut kontaktpunkt.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 38 av 9.2.2006, s. 17, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 143/2006 av 8. desember 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasemitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 15 av 29.3.2007, s. 7.

⁽¹⁾ TEF 125 av 11.7.1966, s. 2298/66. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/117/EF (TEU L 14 av 18.1.2005, s. 18).

⁽²⁾ TEF 125 av 11.7.1966, s. 2309/66. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/117/EF.

⁽³⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 12. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/117/EF.

⁽⁴⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 33. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/117/EF.

⁽⁵⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 74. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/117/EF.

2. Innan 15 dagar etter at den meldinga som er nemnd i nr. 1, er gjeven, kan dei andre medlemsstatane melde frå til Kommisjonen og søkjarmedlemsstaten om:

- a) anten eit tilbod om tilgjengelege frø som kan løyse dei mellombels forsyningsvanskane, eller
- b) innvendingar mot marknadsføringa av frø som ikkje stettar krava i dei direktiva som er nemnde i artikkel 1 nr. 1.

3. Frø som er omfatta av søknaden, kan i ei mengd som høgst svarar til den mengda som søkjarmedlemsstaten har søkt om, marknadsførast i Fellesskapet utan at dei stettar krava i dei direktiva som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, dersom det innanfor det tidsrommet som er nemnt i nr. 2, ikkje er meldt frå til søkjarmedlemsstaten/-statane og Kommisjonen om tilbod eller innvendingar, eller dersom det vert gjeve tilbod og søkjarmedlemsstaten og tilbydarmedlemsstaten/-statane er samde om at tilboda ikkje er eigna, med mindre Kommisjonen innanfor det same tidsrommet har meldt frå til søkjarmedlemsstaten om at han reknar søknaden for å vere ugrunna.

Kommisjonen skal sende over til dei kontaktpunkta som er peikte ut av kvar medlemsstat, og offentleggjere på nettstaden sin, vilkåra for å tillate marknadsføring, medrekna den mengda som er tillaten.

4. Dersom vilkåra i nr. 3 ikkje kan stettast eller Kommisjonen reknar søknaden for å vere ugrunna, skal Kommisjonen melde frå til dei kontaktpunkta som er peikte ut av kvar medlemsstat.

Saka skal leggjast fram for Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk, og om naudsynt skal det straks gjerast eit vedtak om godkjenning eller avvising av søknaden i samsvar med framgangsmåten i dei føresegnene som er nemnde i artikkel 1 nr. 1.

Artikkel 3

Dei opplysningane som det er krav om i samsvar med artikkel 2 nr. 1, skal omfatte følgjande:

- a) artar og sortar, særleg med omsyn til dyrkings- og bruksegenskapar,
- b) venta minste spireevne,
- c) aktuelle mengder,

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 8. februar 2006.

- d) underlagsdokument der søknaden er grunngeven,
- e) den framlagde marknadsføringsstaden med utpeiing av dei regionane i søkjarmedlemsstaten som har forsyningsvanskar med omsyn til frø,
- f) det tidsrommet som det er søkt om at løyvet skal gjelde for.

Artikkel 4

Utan at det rører ved dei krava til merking som er fastsette i dei direktiva som er nemnde i artikkel 1 nr. 1, skal den offisielle etiketten på frøa innehalde ei fråsegn om at dei aktuelle frøa er av ein kategori som stettar mindre strenge krav enn dei som er fastsette i dei nemnde direktiva, saman med opplysningar om minste spireevne.

Artikkel 5

1. Medlemsstatane skal på dei vilkåra som er fastsette i denne forordninga, tillate leverandørar å marknadsføre frø som er godkjende i samsvar med artikkel 3. Dei kan krevje at leverandørane søkjer om løyve på førehand, som kan avvisast dersom:

- a) det er sterk tvil om at leverandøren er i stand til marknadsføre den frømengda som han/ho har søkt om løyve til, eller
- b) den samla frømengda som leverandøren søkjer om løyve til å marknadsføre i medhald av det aktuelle unntaket, vil overstige den største mengda som er tillaten i Fellesskapet i samsvar med artikkel 2.

2. Søkjarmedlemsstaten skal samordne arbeidet til dei andre medlemsstatane for å sikre at den samla mengda som er tillaten, ikkje vert overskriden.

3. Ved gjennomføringa av denne forordninga skal medlemsstatane gje kvarandre administrativ hjelp. Innan ein månad etter at denne forordninga har teke til å gjelde, skal dei melde frå til Kommisjonen og dei andre medlemsstatane om dei kontaktpunkta som er nemnde i artikkel 2 nr. 1.

Artikkel 6

Denne forordninga tek til å gjelde sjuande dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen